



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

Trondheim, 02.09.2019

Dykkar ref.:

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):

Sakshandsamar:

[Dykkar ref.]

2019/9118

Johan Danielsen

## Endeleg avgjerd i klagesak - klage på løyve til utsetting av lutzgran i på gnr./bnr. 39/31 Sortland kommune

Miljødirektoratet opprettheld Fylkesmannen i Nordland sitt vedtak av 18.12.2017 om å gi Solfrid Evelyn Dahlheim løyve til utsetting av lutzgran i Sortland kommune. Miljødirektoratet kommer til at utsetting av lutzgran på arealet avgrensa på kart på eigendommen med gnr./bnr. 39/31 ikkje fører til for store uheldige følger for naturmangfaldet i høve til fordeler knytt til tiltaket. Klager får ikkje medhald.

Vi viser til klage dagsett 15.01.2018 frå Naturvernforbundet, SABIMA og WWF (klager) på Fylkesmannen i Nordlands vedtak av 18.12.2017.

### Sakens bakgrunn

Solfrid Evelyn Dahlheim (søker) søker om å løyve til å sette ut 3000 lutzgran til skogproduksjon. Utsettinga er planlagt på eit felt på 15 daa på gnr./bnr. 39/31 i Sortland kommune. Fylkesmannen i Nordland ga løyve til utplantinga i brev dagsett 18.12.2017.

Naturvernforbundet, SABIMA og WWF klaga på vedtaket den 15.01.2018. Fylkesmannen opprettheldt vedtaket, og sendte klagesaka til endeleg avgjerd hos Miljødirektoratet. Miljødirektoratet fekk klagesaka frå Fylkesmannen i epost av 12.07.2019 etter at dei oppdaga at det hadde vore ein svikt i systemet for oversending av saker ei periode i februar 2018. Klagen ble først forsøkt oversendt 22.02.2018.

### Merknader frå klager

Klagen er grunngeven slik:

- Lutzgran er må forventast å bli plassert i kategori SE Framandartslista til Artsdatabanken i 2018
- Beskjeden spreiring av lutzgran til hei skyldast at felta med arten er unge og i liten grad har sett kongler så langt
- Argumentet om at nytt felt har liten betydning for spreiring og samla belastning til Selnesvatnet er mangelfulle. Nytt felt vil komme i tillegg til eksisterande felt og oppretthalde belastninga. Auka areal av lutzgran vil gje auka belastning

- Terrengforhold: feltet ligg på en kolle mellom sjøen og fjellet Likulen/Nipa. Vind frå sør-vest kan gje frøspreiing til område der oppfølging er vanskeleg
- Det skal ikkje bli gitt løyve om det er grunn til forvente vesentlege uheldige følger for biologisk mangfald. Det visast til sjanse for spreiiing til naturreservat og nær trua naturtype
- Det er ikkje rett å omsyn til andre samfunnsinteresser. Departementets vegleder til forskrifta held fram at ein ikkje skal gje løyve når det er grunn til å anta vesentlege uheldige følgjer sjølv om andre samfunnsinteresser taler for.
- Det er gitt unødig lang frist for fullføring av plantinga

Klager konkluderer med at det ikkje er høve til å avgjere saka og gje løyve til utsetting. Grunnen til at saka ikkje kan avgjerast er at det manglar kunnskap om utsettingsområdet og myrområdet. Det er ikkje høve til å gje løyve det oppstår uheldige følgjer av tiltaket.

### Fylkesmannens vurdering

Vilkåra for klage, er slik fylkesmannen ser det oppfylt både i forhold til klageinteresse og tidsfrist.

Fylkesmannen kommenterer klagen slik:

- Lutzgran var på tidspunktet for behandling av klagen plassert i kategorien låg risiko i Artsdatabankens svarteliste. Det ble ikkje tatt omsyn til foreslegen status i høyring på ny framandartsliste som ble publisert i 2018
- Det blir vist til nyare funn og at Miljødirektoratet frå 2015 har argumentert for å behandle lutzgran likt med sitkagran
- Vegleder til forskriften (2012) som det vises til har ikkje sjølvstendig rettsverknad
- Politiske signaler som ble gjevne saman med vegledar vektla at det avgjerande kriteriet er om det er grunn til å anta vesentlege uheldige følger for det biologiske mangfaldet
- Spreiing av enkeltindivid av arten til hei og myr vert ikkje regna som vesentleg uheldig følgje for naturmangfaldet så lenge dette ikkje rammer særlege registrerte naturverdiar
- Denne utplantinga vil ikkje gje vesentleg endra frøspreiing frå lutzgran til Selnesvatnet naturreservat
- For å sjå bort frå andre samfunnsinteresser må tiltaket gje vesentlege uheldige følgjer for naturmangfaldet, vurderinga er at dette ikkje er tilfelle i denne saka
- Det er ikkje stor nok grunn til å endre frist for fullført planting sjølv om denne er lang

Fylkesmannen finn det slik lite sannsynleg at spreiiing av lutzgran frå feltet på gnr./bnr. 39/31 skal føre til vesentleg negativ påverknad på naturmangfaldet og opprettheld vedtaket sitt.

### Rettsgrunnlaget

Formålet med forskrift 25. mai 2012 nr. 466 om utsetting av utanlandske treslag til skogbruksformål (forskrifta) er å hindre at utsetting av utanlandske treslag medfører eller kan medføre uheldige følger for naturmangfaldet, jf. § 1. Etter § 5 er det krav om løyve til utsetting av utanlandske treslag til skogbruksformål. Løyve kan berre bli gitt dersom det ikkje er grunn til å tru at utsettinga vil føre til vesentlege uheldige følgjer for det biologiske mangfaldet. Dersom det ikkje er grunn til å tru at utsettinga vil føre til vesentlege uheldige følgjer, skal spørsmålet om løyve skal bli gitt eller ikkje avgjerast etter ei skjønsvurdering, der omsynet til uheldige følger for det biologiske mangfaldet skal vegast opp mot andre interesser. Det skal leggast særleg vekt på om treslaget og eventuelle følgjeorgansimer medfører risiko for det biologiske mangfaldet. Prinsippa i nml. § 8 til 12 leggast til grunn som retningslinjer for vurderinga, jf. nml. § 7.

### Kunnskap om lutzgran

Lutzgran er hybrid mellom sitkagran (*Picea sitchensis*) og kvitgran (*P. glauca*) som gjev spiredyktige frø. I Artsdatabanken si risikovurdering frå 2018 har den fått svært høg økologisk risiko (SE). I Artsdatabanken sitt faktaark står det at lutzgran toler skygge godt og er tilpassa kystklimaet i Noreg. Økologisk sett er den lik sitkagran, men toler kalde vintre betre. Lutzgran kan krysse seg med sitkagran. Det er rapportert om spreiiing av lutzgran frå planta bestandar i Nordland og Troms.

NINA-rapport 1231 (2016) viser at lutzgran spreier seg utanfor plantefelt og etablerer seg i en rekke ulike naturtypar i Nordland. I tillegg har Norsk Botanisk Forening i Nordland i 2015 påvist betydeleg spreiiing av lutzgran i fleire ulike naturtypar (Anon 2015 og Østerkløft 2015; vårt Saksnr 2015/1514).

Det er rimeleg å anta at lutzgran sper seg som sitkagran. I Ecofact rapport 644: "Kartlegging av kortdistansespreiing av fremmede bartrær i Rogaland 2018" er funna at sitkagran har kortdistansespreiing på inntil 250 meter. Når det gjeld langdistansespreiing er ikkje lutzgran vurdert i "DN-Utredning 8-2012". Men i denne utredninga er begge artene (sitkagran og kvitgran) lutzgran er hybrid mellom vurdert. Sitkagran er der vurdert til å kunne spreie seg inntil 1739 meter ved vindhastigheit på 10 m/s og 3477 meter ved 20 m/s. Kvitgran er på same måte vurdert til å kunne spreie seg inntil 2173 meter ved vindhastigheit på 10 m/s og 4347 meter ved 20 m/s. Lutzgran er en fertil hybrid. Den naturlege hybridiseringa er prega av tilbakekryssing i ei brei hybridzone. Innslaget av genar frå sitkagran varierer frå 16 % i kontinentale strøk til over 90 % i de meir oseaniske. Kva for genetikk og eigenskapar norsk lutzgran har, er lite dokumentert. Vi må difor gå ut frå at den kan ha eigenskapar for langdistansespreiing som minst like gode som dei sitkagran har og kanskje nærare kvitgrana sine.

#### Miljødirektoratet si sakshandsaming og vurdering

Lutzgran ble i framandartslista frå 2018 satt i kategorien svært høg økologisk risiko (SE). Saken ble fremma i før denne vart publisert, men vi har alt frå 2015 handsama lutzgran på same måte som sitkagran. Vi legg til grunn at arten har god spreingsevne og kan ha stor negativ effekt på naturmangfaldet.

Områda kring utplantingsområda har desse dokumenterte områder med verdsette naturverdiar:

Naturtype	Type	Verdi	Avstand
Rekøya	Strandeng og strandsump	Viktig	550 m
Selnesvatnet	Dam	Viktig	880 m
Bjørndalsfjorden	Strandeng og strandsump	Viktig	1420 m
Verneområder	Type		Avstand
Selnesvatnet	Naturreservat		700 m
Raudlista arter	Status		Avstand
Svarthalespove	Sterkt trua (EN)		250-1300 m
Storspove	Sårbar (VU)		250-1000 m
Vipe	Sterkt trua (EN)		250-1300 m
Brushane	Sterkt trua (EN)		250-1300 m
Makrellterne	Sterkt trua (EN)		250-1300 m
Hettemåke	Sårbar (VU)		250-1000 m
Fiskemåke	Nær trua (NT)		250-1000 m
Horndykkar	Sårbar (VU)		250-1000 m
Stjertand	Sårbar (VU)		250-1000 m
Ærfugl	Nær trua (NT)		250-1000 m
Gauk	Nær trua (NT)		250-1000 m
Lirype	Nær trua (NT)		250-1000 m
Sivspurv	Nær trua (NT)		250-1000 m
Blåstrupe	Nær trua (NT)		250-1000 m

Naturmangfoldlovens § 8 seier at kunnskapsgrunnlaget skal stå i et rimeleg forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfald. Vi finn at kunnskapsgrunnlaget er godt nok til å fatte eit grunnleggjande vedtak. Vi legg derfor ikkje vekt på føre var-prinsippet i saken, jf. nml. § 9.

Sjølv om det etter måten et betydeleg tal viktige naturtypar nær utplantingsområdet er slik vi ser det spreing av lutzgran er ikkje eit trugsmål mot naturtypar som strandeng, strandsump og dammar. Salt i jorda og overfløyming med saltvatn gjer at etablering av sitkagran i disse naturtypene ikkje er sannsynleg. Selnesvatnet naturreservat synast heller ikkje vesentleg sårbart for slik spreing.

Vi legg ikkje avgjerande vekt på dei raudlista artane som er funne kring utsettingsområdet. Grunnen til dette er plassering og omfang av tiltaket i høve til eigenskapane til dei omtalte raudlista artane. Vilkår om fjerning av spreing, styrker denne vurderinga.

Kring utsettingsområdet finnes det plantefelt med norsk gran og sitka/lutzgran. Området som er søkt tilplanta med lutzgran har vorte nytta til produksjon av gran før.

Sjølv om det finnes fleire plantefelt med norsk gran og utanlandske treslag i området, legg Miljødirektoratet til grunn at utplantinga det er søkt om ikkje gir vesentleg gir auke i den samla belastninga på økosystemet i området, jf. nml. § 10.

Vi legg derfor til grunn at utplanting på feltet på gnr./bnr. 39/31 ikkje inneber vesentleg skade på naturmangfaldet. Faren for skade på naturmangfaldet frå tiltaket skal vegast opp mot positive verknader for andre samfunnsinteresser forskriften § 14. I denne saken er dei positive verknadene knytt til at lutzgran er meir produktiv enn norsk gran på same areal.

Fylkesmannen har sett vilkår som legg til rette for at grunneigar minskar verknaden ikkje berre av denne utsettinga, men og etablerte granskog. Samla sett vil dette gje betre sikring mot skadeverknader frå framande treslag på naturmangfaldet.

#### **Vedtak**

Miljødirektoratet stadfester Fylkesmannen i Nordland sitt vedtak gjort 18.12.2017, jf. forvaltningslova § 34 fjerde ledd. Solfrid Evelyn Dahlheim får løyve til utsetting av lutzgran (*Picea lutzi*) til skogproduksjon på plantefeltet det er søkt om på gnr./bnr. 39/31 i Sortland kommune, jf. forskrift 25. mai 2012 nr. 460 om utsetting av utanlandske treslag til skogbruksformål §§ 5 og 7. Grunnen er at vi ikkje finn at spreiding av lutzgran er sannsynleg til verneområde og viktige naturtypar eller i vesentleg grad truger viktige leveområde for dei raudlista artane som er dokumenter kring utsettingsområde. Vilkåra sett av fylkesmannen i løyvet gitt 18.12.2017 gjeld.

Miljødirektoratets vedtak er endeleg og kan ikkje klages vidare, jf. forvaltningslova § 28 tredje ledd.

Hilsen

**Miljødirektoratet**

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*

Yngve Svarte  
avdelingsdirektør

Bjarte Rambjør Heide  
seksjonsleiar

Tenk miljø - vel digital postkasse frå e-Boks eller Digipost på [www.norge.no](http://www.norge.no).

Kopi til:

Fylkesmannen i Nordland	Postboks 1405	8002	Bodø
Sortland kommune	Postboks 117	8401	Sortland
Solfrid Evelyn Dahlheim	Vesterålsveien 1795	8416	Sortland
Klima- og miljødepartementet	Postboks 8013 Dep	0030	OSLO